

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 150	15/2881

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
144/2015	Formannskapet	PS	02.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Framlegg budsjett 2016

Vedlegg:

Budsjettframlegg 2016 - oppd pr 20.11.15

Økonomiske oversikter budsj 2016

Planar og utgreiingar 2. halvår 2015

Private reguleringsplanar 2. halvår 2015

Innspel til Meland kommune sitt budsjett for 2016, investeringsplan 2016-2019

Innspel til Meland kommune sitt budsjett for 2016- investeringsplan 2016 - 2019

Innspel til Meland kommune sitt budsjett for 2016 - Investeringsplan 2016 - 2019

Epostmelding - Innspel til Meland kommune sitt budsjett for 2016 - Ivestingpland 2016 - 2019

Saksopplysningar:

Rådmann sitt framlegg til budsjett med kommentarar er lagt ved saksutgreiinga som vedlegg.

Framlegget som vart utsendt på epost 4. november, og merket med oppd. per 03.11.2015, er korrigert med mindre skrivefeil til ny versjon per 20.11.2015. I tillegg er kapittel 9.6 om private barnehagar oppdatert med tabellar som viser nye tilskotssatsar av 9. november 2015 frå

Utdanningsdirektoratet. Det er ikkje gjort endringar i sjølve budsjettframlegget som følgje av dette.

Det er elles ingen endring i innhald.

Framlegg til vedtak:

«1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2016. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.

- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.

- Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.

(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).

- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenestoområda kr 422,74 mill.

3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3.

I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2016. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2016.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2016. Eigedomsskatten for 2016 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2016. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2016.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2016 er totalt kr 155,980 mill. Av dette kr 116,380 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 39,6 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2016 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 134,825 mill.
Kapitalfond til investeringar	kr 1,30 mill.
Mva-refusjon	kr 19,855 mill.

6. Kr 6,0 mill. vert sett av til vidareutlån av startlån.
Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 6,0 mill.
Det vert i tillegg budsjettert med følgjande postar knytt til startlån:
a. Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.320.000,-
b. mottak av avdrag på vidareutlån med kr 1.500.000,-
c. Bruk av fond til startlån kr 820.000,-.

7. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettert med kr 700.000,- finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.»

Formannskapet - 144/2015

FS - behandling:

Framlegg i møtet til endring i pkt 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.
- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.
- Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.
(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenestoområda kr 421,34 mill.
- Rest til disponering er kr 1,4 mill. som vert å avsette til disposisjonsfond."

Framlegg i møtet til nytt pkt 8:

8. Formannskapet ber om at budsjettdokumentata vert oppdaterte før dei vert lagt ut til alminneleg

ettersyn.

Avrøysting:

Framlegg til endring pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Framlegg til nyt pkt. vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

- «1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2016. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.
2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:
- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.
 - Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.
 - Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.
- (Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 421,34 mill.
 - Rest til disponering er kr 1,4 mill. som vert å avsette til disposisjonsfond
3. Heimel for utskrivning av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2016. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringsseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2016.
- Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2016. Eigedomsskatten for 2016 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.
4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2016. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2016.
5. Framlegg til brutto investeringar i 2016 er totalt kr 155,980 mill. Av dette kr 116,380 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 39,6 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.
- Brutto investeringar i 2016 er finansiert slik:
- | | |
|-------------------------------|------------------|
| Nye innlån til investeringar | kr 134,825 mill. |
| Kapitalfond til investeringar | kr 1,30 mill. |
| Mva-refusjon | kr 19,855 mill. |
6. Kr 6,0 mill. vert sett av til vidareutlån av startlån.
- Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 6,0 mill.
- Det vert i tillegg budsjettert med følgjande postar knytt til startlån:
- a. Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.320.000,-
 - b. mottak av avdrag på vidareutlån med kr 1.500.000,-.
 - c. Bruk av fond til startlån kr 820.000,-.

7. Eigenkapitalinnskott i KLP vert budsjettert med kr 700.000,-, finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.

8. Formannskapet ber om at budsjettdokumenta vert oppdaterte før dei vert lagt ut til alminneleg ettersyn."